

Voss Musikkråd  
c/o Kjartan Ringheim  
Rongshagen 56  
5705 Voss

**Voss Musikkråd**  
**ÅRSMELDING**  
**for 2015**

Årsmøtet for driftsåret 2014 vart avvikla i Hålandshuset, i møtelokalet til Vossajazz, den 28. januar 2015.

Til stades: Styret i VMR og representantar frå Voss Musikklag, Voss Skulemusikklag, Orkesteret Fossegripen, Voss og omland Kantori, Voss spelemannslag.

Hordaland musikkkråd var representert ved dagleg leiar Vidar Skeie

Leiaren opna møtet med å ynskja alle hjarteleg velkomne. Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader. Til møteleiar vart Øystein Dahl, vald og som referent vart Halvard Bjørgo vald.

Årsmeldinga vart deretter handsama og leiaren gjekk igjennom den. Deretter vart det høve for dei frammøtte å stilla spørsmål eller kommentera meldinga. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

Rekneskapen vart så lagt fram og kommentert av kasseraren. Deretter vart den godkjent utan merknader.

Valnemnda la deretter fram forslag til det nye styret m.m.som vart samrøystes godkjent. Tillitsvalde har etter det vore slik dette året:

Styret:

Leiar: Øystein Dahl  
Nestleiar: Knut Bryn  
Kasserar: Kjartan Ringheim  
Skrivar: Halvard Bjørgo  
Styremedlem: Aslak Himle

Vara:

- 1. Hedvig Røhnebæk
- 2. Lajla Selland
- 3. Lillian Hjelmeland

1.vara skal verta kalla inn til styremøter.

Revisorar:  
Jostein Bøyum  
Kirsten Takvam

Valnemd:  
Brynjulv Norheim  
Snialvur Joanesarson  
Peder Ringdal

## **Styret. Aktivitet i 2015**

Styret har hatt 5 ordinære styremøte i dette arbeidsåret.

Tre saksområder har hatt særleg merksemd:

- Økonomi har vore tema på alle styremøta. All gjeld er no gjort opp. Det vert elles synt til årsrekneskapen.
- Drift, vedlikehald og utleige av Utescena har likeeins vore sak på alle styremøta.
- Musikkrådet sin framtidige funksjon. Voss kommune har ikkje synt trong for samarbeid med musikkrådet dette året. Men i høve til Voss kulturråd så har rådet samarbeidd i saker vedkomande fordeling av kommunale kulturmidlar og oversendt desse for uttale frå musikkrådet.

Styret har vore representert i referansegruppa for aktivitets- og festivalområde på prestegardslandet. Detaljreguleringsplanen vart godkjend i kommunestyret hausten 2015.

Leiaren er fast medlem av Kontaktutvalet for Distriktsmusikarane og Samarbeidsutvalet for Voss Kulturskule. I kva form kulturskulen ønskjer dette samarbeidet i det vidare er f.t. noko uklart. Det har ikkje vore aktivitet i desse organa dette året. Kjartan Ringheim har hatt hovudansvaret for utleige av Friluftscena. Øystein Dahl var medlem av styret i Hordaland Musikkråd fram til april 2015. Aslak Himle gjer ein stor jobb med vedlikehald av Friluftscenen.

### **Friluftscena**

Drift av friluftscena er ei viktig oppgåve for styret. Bygningen fekk vass-skade under storflaumen i oktober 2014. Dette er utbetra våren 2015. Det er f.t. så mykje utleige av scena at økonomien balanserer. Men meir aktivitet er eit klårt mål, og styret oppmodar medlemslaga til å tenkja aktivitet lagt til scena.

### **Avslutning**

VMR har ikkje lenger ein viktig medverknad som formidlar mellom medlemmene og kommunen, m.a. ved innstilling til fordeling av kommunale tilskott. Styret meiner difor at det er naudsynt med ein drøfting og avklaring med medlemmene om rådet sin vidare funksjon.

Voss 13.01.2015  
Styret i Voss musikkråd